



## 10 gode grunnar til å vere konfirmant

1. Du får oppleve kva kristen tru er. Det er meir enn eit skolefag.
2. Konfirmasjonsdagen er berre din, og du har ein dag der du blir bekrefta for den du er.
3. Du får oppleve eit nytt fellesskap med andre på samlingar, leir og bli kjent med fleir.
4. Du får tid til å reflektere, tenke kritisk og sjølvstendig om tru og kva kristendom er.
5. Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – kva er viktig for deg?
6. På konfirmasjonsdagen får dei som er glad i deg feire deg.
7. I konfirmasjonstida pratar vi om sorg og glede, om livets store og små spørsmål.
8. Du får engasjere deg for andre menneske. Du får også lære kva vi kan gjere for å ta vare på jorda og klimaet vårt.
9. Du blir del av eit større fellesskap. Berre sjå på #konfirmantene på TikTok!
10. Du møter folk med ulike meiningar, og saman med dei lærer du noko felles.

# No er det din tur

## KONFIRMANT



Helsing frå oss i Ulvik sokn. Har du spørsmål? Ta gjerne kontakt med kyrkjelydspedagog Jorunn Bergo Aarvik tlf 452.28.287 eller prest Bengt Staffan Arvidsson tlf 902.58.161.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Ulvik sokn



## Ei tid for fellesskap og til å tenke sjølv

**Neste år kan du feire din konfirmasjonsdag i kyrkja!  
Velkomen som konfirmant i Ulvik kyrkje!**

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av. Vi håpar du vil være konfirmant hjå oss!

### **Kva er konfirmasjon?**

Ordet konfirmasjon kan bety både «å bekrefte» og «å gjere sterk». Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når det bes ei bøn for deg. I bøna ber vi Gud om å velsigne deg og å styrke deg på din veg vidare i livet. Det viktigaste med konfirmasjonstida er å være

ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua. Konfirmasjonen er ei påminninga om at Gud i dåpen sa ja til å være ein del av livet ditt.

### **Konfirmasjon er for alle**

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja– både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt med kyrkja.

### **Meir om opplegget**

For å bli konfirmant in Den norske kyrkje skal ein vera med på ca. 60 timar undervising i løpet av ca. 8 månader. Undervisinga vil føregå på måndager etter skuletid på Ulvik kyrkjekontor. Men du får og vere med på presentasjonsgudsteneste, song-og ljosomesse, fasteaksjon, vanlige gudsteneste, leir, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste.

Les meir om kva vi gjer i konfirmanttida på [www.kirken.no/ulvik](http://www.kirken.no/ulvik)

### **Leir**

Det vert konfirmantleir i mars 2024. Me lyser ut på [www.kirken.no/ulvik](http://www.kirken.no/ulvik).

### **Dåp**

Er du ikkje døypt og lurar på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan, og du er heller ikkje alene! Over tusen ungdomar vert kvart år døypt i forkant av konfirmasjonen. Du får god informasjon på forhand og på sjølve dåpsdagen har du med deg dine næraste i ein fin seremoni. Ta kontakt med din lokale kyrkjelyd for meir informasjon.

### **Påmelding**

Gå inn på [www.kirken.no/ulvik](http://www.kirken.no/ulvik) og fyll ut skjema for innskriving under fana konfirmant. Dersom du ikkje veit alt som skal fyllast inn, skriv det du veit og send inn, så ordnar vi det som manglar seinare. Ynskjer de spesiell tilrettelegging ynskjer vi også informasjon om dette tidleg.